

Årsmelding 2014 - Vang frivilligsentral

Innleiing	side 1
Styre og årsmøte	side 2
Økonomi	side 2
Tilbod	side 2
Prosjekt	side 3
Vårprogrammet	side 4-5
Haustprogrammet	side 6-7
Andre arrangement	side 8



Innleiing

Sentralen sitt andre driftsår er omme, eit år fullt av kulturelle arrangement, ulike prosjekt med mange samarbeidspartnarar og eit aukande tilbod til målgruppene eldre/hjelpetrengande, asylsökjarar, tilflyttarar og born/unge. Sentralen deler lokale med biblioteket på Vangstunet, og held ope tre dagar i veka. Marte Tangen er tilsett i 100% stilling som dagleg leiar.

Vang frivilligsentral har følgande handlingsplan:

Hovudmål: Vere ein katalysator for frivillig verksemd i Vang

Visjon: Mote mellom menneske

Delmål 1: Vere ein sosial møteplass på tvers av generasjonar og kultur

Delmål 2: Vere ein støttespelar for frivillige lag og eksisterande aktivitetar i kommunen

Delmål 3: Auke det eksisterande tilbodet der det er behov

Delmål 4: Vere ein synleg og påliteleg aktør for heile bygda

Ved utgangen av året hadde vi 87 registrerte frivillige. Dei utførte i 2014 om lag 630 timer med frivillig arbeid. Av dei frivillige er 49 menn og 38 kvinner. 59 er bufaste og 28 er bebuarar på mottakssenteret.

Omtrentleg fordeling av alder:

13 - 30 år: 20%

30 - 60 år: 50%

60 år + : 30%

Kontakt:

frivilligsentralen@vang.kommune.no

www.vang.frivilligsentral.no

61 36 94 25 46 81 64 73

www.facebook.com/vangfrivilligsentral

Styre og årsmøte

Styret i Vang frivilligsentral har i 2014 bestått av:

Carl Philip Weisser	styreleiar
Elisabeth Sparstad	nestleiar
Solveig Rønneberg	
Margrete Fagerheim	
Hallgrim Rogn	
Fulan Yang	vara
Linda Jevne	vara
Ole Jørgen Tveit	vara

Hovedutval for levekår er årsmøte og øvste organ for sentralen. Årsmøte 2014 vart halde 19. februar. Styret har hatt 5 styremøter.

Økonomi

Sentralen har i 2014 fått 310.000,- i driftstilskot frå Kulturdepartementet. I tillegg 2.000,- Frå nettverksgruppa Vestoppland frivilligsentralen for gjennomføringa av felles Ope dag. Samla driftsbudsjet vart på 390.600,-

Tilbod

Vi tilbyr ulike tenester der frivillige bidreg. Publikum tek kontakt ved behov og vi formidlar frivillige så godt det lar seg gjere. Hjelpetenester er enkeltoppdrag medan dei andre tilboda kan vere vedvarande. Våre tilbod som har blitt nytta i 2014 er:

Hjelpetenester	22
Språkven	9
Leksehjelp	4
Turven	1
Besøksven	1
Øvingskjøring	3
Transport	6



Prosjekt

Integrerande arbeidsliv - eit bulystprosjekt

I juni 2013 fikk vi saman med Innovangsjon SA (prosjekteigar), introduksjonssenteret og NAV 420.000,- frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet til bulystprosjektet "Integrerande arbeidsliv". Prosjektet har som hovudmål å hjelpe 5 busette flyktingar inn i arbeidslivet og på den måten sikre at dei blir buande i Vang. Sentralen har ansvar for dei frivillige bulystvenene, vi er også prosjektleiar.

I 2014 har prosjektgruppa arrangert mellom anna skidag, jobbsøkerkurs med JobbX, informasjonsmøte for næringslivet og lagd film om prosjektet. Denne har blitt vist både på 'fagsamling for bolystprosjekt med inkludering som tema' på Frøya i oktober og på IMDI sin integreringskonferanse på Gjøvik i november. Vi kjøpte også ein bil til øvingskøyring, tre av deltakarane har starta øvingskøyring med frivillige, ein har tatt lappen.

Ved utgangen av 2014 bur alle deltakarane framleis i Vang. Ein er over i løna arbeid (deltid), to er i praksis, ein er i kurs i regi av NAV og ein jobbar for å starte eigen bedrift. Arbeidet med prosjektet held fram i 2015.



Skidag



Informasjonsmøte for næringslivet

FriBib

Saman med biblioteket fikk vi 60.000,- frå Nasjonalbiblioteket til eit forprosjekt for å utvikle biblioteket og frivilligsentralen som sosial møteplass. I august var vi på studietur til to Deichmanske bibliotek i Oslo og i september hadde vi ein to-dagars verkstad her med interiørarkitekt Mette Milling. I desember fikk vi 150.000,- til sjølve prosjektet som vi vil arbeide med i 2015.

Tiltak for eldre

Sentralen har fått 25.000,- frå *Gudrun Søndrol sitt minnefond* til tiltak for eldre. Prosjektet er utsatt til 2015.

**Vårprogrammet
i samarbeid med biblioteket**

**Omtrent
besøkstal**

Onsdag 15. januar	"Utvalgt" , monolog om Kirsten Flagstad. Skodespelar Nina Bendiksen	30
Onsdag 29. januar	"Johanne Kolstad - queen of skis" , opning av utstilling	50
Laurdag 1. februar	Eventyrstund	5
Onsdag 12. februar	Intimkonsert med Oddbjørn Skeie	40
Onsdag 26. februar	"Fra Måneberg i Vang til Månefjell i Uganda: Historien om drømmer som ble til virkelighet" , foredrag med Christin Oldebråten	65
Laurdag 1. mars	Eventyrstund	4
Laurdag 8. mars	"Den store kjærringdagen" , møte med forfattar Helene Uri	40
12. mars - 27. april	"Eventyrlig. Gamle fortellinger i ny drakt" , eventyrutstilling frå Nasjonalmuseet	
Torsdag 13. mars	Konsert med Gaute Lein Ausrød og Ørnulf Dyve	100
Laurdag 5. april	Eventyrstund	3
Torsdag 10. april	Konsert med Safar, folkemusikkgruppe frå Jordan	50
Onsdag 23. april	"Livet på den lyse side" , foredrag med Torstein Lerhol	50
Torsdag 8. mai	Memo - hukommelseskurs med Oddbjørn By	50
Onsdag 14. mai	"1814 i Oppland" , foredrag med professor i historie Tore Pryser	25
Laurdag 24. mai	Eventyrstund	3
Kvar siste tysdag kl 17	Fleirkulturell kafé - ulike tema og underhaldning	150

Til saman deltok om lag 665 på vårens arrangement.



“Utvalgt”



Oddbjørn Skeie



Gaute Lein Ausrød og
Ørnulf Juvkam Dyve



Safar



Memo - hukommelseskurs



Fleirkulturell kafé i mai

**Haustprogrammet
i samarbeid med biblioteket**

**Omtrent
besøkstal**

Onsdag	3/9	“Kva skjer i Vang-kveld” med frivillige lag	70
Laur-Sun	6-7/9	Verkstad: Videokunst - stop motion	10
Laurdag	6/9	Konsert: Flamenco Puro frå Andalusia	60
Laurdag	20/9	Bokprat: Nordisk samtidslitteratur med Anna Ødegården	10
Onsdag	24/9	Konsert: Norsk Poesi Ensemble	60
29/9, 30/9, 3/10		HaustferieFritidsKlubb	10
Onsdag	1/10	Omreisande Eventyrstund	20
Laurdag	11/10	Bokprat: Nordisk samtidslitteratur med Anna Ødegården	10
Onsdag	15/10	Debatt: “Kven har makta?” Hans Olav Lahlum innleiar	60
Onsdag	22/10	Foredrag: “USA etter Obama” med Bjørn Hansen	50
Laurdag	25/10	Ope dag på frivilligsentralen	20
Laurdag	1/11	Omreisande Eventyrstund	15
Laurdag	8/11	Opning av Haustutstillinga 2014	20
Laurdag	15/11	Bokprat: Nordisk samtidslitteratur med Anna Ødegården	15
Laurdag	15/11	Nordisk spilldag	25
Onsdag	26/11	Foredrag: Polarjenter. Samarbeid: Vang SPB og turlaget	80
Måndag	1/12	Omreisande Eventyrstund	50
Onsdag	3/12	Bokkveld med utdeling av positivprisen	70

Til saman deltok om lag 655 på haustens arrangement.



Kva skjer i Vang-kveld



Norsk Poesi



Makt-debatt



Ope dag



Polarjenter



Eventyrstund i samarbeid
med barnas turlag

Andre arrangement

20. mars markerte vi 1. års jubileum med fest for alle frivillige.



Styreleiar Carl Philip opnar ballet



Dagleg leiar Marte fortel om sentralen

31. mai hjelpte vi bebuarrådet ved Vang mottak å arrangere sykkelløp i Vang sentrum.

10. september hjelpte vi bebuarrådet ved Vang mottak å arrangere fotballturnering.



Ordføraren leia kommunehuslaget
til ein 3. plass



Kontorfellesskapet 1724 stal nokre
spelarar frå mottaket utover i turneringa

14. juni var vi tilstades med stand på Farmendagen i Føsse og 28. juni deltok vi på Filefjelldagen.

Samarbeid:

Sentralen tok initiativ til eit integrasjonsforum som har hatt tre møte i 2014. I forumet sit representantar frå mellom anna skule, barnehage, helseteneste, bibliotek, mottak, introduksjonssenter og næringsforum. Målet er å kartlegge utfordringar i integreringsarbeidet og kome fram til gode løysingar på tvers. Nokre resultat av dette er kveldskurs i norsk på introduksjonssenteret, plan om foreldrerekurs/utvida foreldremøte for fleir-språklege foreldre i skule/barnehage samt at alle er meir bevisst korleis ein kan samarbeide med dei andre institusjonane.